



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø 19.02.26

Møteprotokoll for Kyrkjebø Sokneråd.

Møtedato: 19.02.2026

Møtetid: kl.19.00

Møtestad: Kyrkjebø Kyrkje

Til stades:

Ole Ivar Luggenes, Arvid Solås, Andreas Ester, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale (frå kl. 19.50), Irene Aase Aarseth.

Forfall:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Jofrid Nordstrand Forthun,

Kopi av protokollen går til:

Medlemmane i KSR, Kyrkjevevja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader.

Godkjenning av møtereferat frå 15.01.26

Ein merknad samlinga på Alværa 10.01 var *kyrkje og misjonsdag*.

(Under avsnittet sidan sist).

Sidan sist:

Gudstenesta 8.feb. med verdisamtale var bra. Temaet var nattverd. Her har vi fått gode tilbakemeldingar frå pubilkum som synst dette var både flott og rart å sitte å snakke ope om ting vi kanskje ikkje snakkar med så mange om.

Dette måtte vi gjerne ha meir av.

Flott konfirmanthane møter og deltar i gudstenesta.

Konfirmanthelg 23-25.jan:

Her var samla 45 konfirmentar frå Høyanger og Hyllestad. Leiarar var Andreas, Inger Cecilie og to frå Bergen frå bispedømet. Godt samarbeid. På gudstenesta møtte ca 45 stk foreldre/besteforeldre i tillegg og konfirmanthane var delaktige i opplegget her.

Postlista: Det vart delt ut oversikt over korrespondanse som har vore sidan sist. Brev med positiv omtale av verdisamtalen.

Materiellhefta *Tro* og *Dåp* med spørsmål om desse er av interesse å bruke i trusopplæring. Det må takast opp i staben og avgjerast der.

Bruk gjerne midane som er til trusopplæring her viss det er nytting å bruke hefta. Hefta finst og på nynorsk.

Inger Cecilie har sendt eit forslag om ein enklare versjon for minikonfirmant-opplegg, som vart godt mottatt.

Ei felles **Trusopplæringsstilling** for kommunane Høyanger, Hyllestad, Askvoll og Fjaler er no lyst ut med frist 15.mars. Dette er ei prosjektstilling på 3 år.

Presten har ordet:

Presten snakka om Jesu dåp og Jesu freisting i øydemarka som har nær tilknytning til kvarandre. Her er litt ulikt skrive i dei ulike evangelia.

Meldingssaker:

26003: Årshjulet.

Her vart det avklara litt om spørsmåla som var etter forrige møte.

Orgel- og pianokonsert med Peter og Harald, denne bør vere i Høyanger kyrkje.

Konsert med Myklemyr og Kandal vil vi prøve på til hausten på Kyrkjebø.

Sonja Aasen Årdal og Harald Dahlstrøm er aktuelle med ein konsert på Kyrkjebø.

Tidspunktet for gudstenester på nasjonsaldagen vart det stilt spørsmål om.

Dugnaden vil vi ha ca 15.april. Klokketårnet i Vadheim må målast.

Gudsteneste i sansehagen? Andreas avklarar med sjukeheimen før neste møte.

På Kyrkjebø vert det dåp av konfirmant 1.mars.

Leiaren sender ut oppdatert årshjul etter dette møtet.

26004: NMS ein samarbeidpart. Kva inneber det?

Vi hadde fått med eit oppsett for NMS region Bjørgvin sin kalender.

Det er viktig å bruke den lokale leirstaden Alværa og framsnakke aktivitet der.

Ein kan delta på dugnadar, og ein kan leige Alværa til private arrangement.

Vedtakssaker:

Sak 003/26: Årsmøte for soknet.

a) Tidspunkt og stad.

Dette er alt fastlagt til 01.03. etter gudstenesta på Kyrkjebø kl 11.00.

b) Årsmelding 2025.

Eit utkast var sendt rådsmedlemene på førehand. Her vart nokre endringar.

c) Rekneskap 2025.

Kyrkja, og dermed soknet sin rekneskap, for året er ikkje slutført.

Rådet må difor vente med endeleg godkjenning til nærare årsmøtet

Vedtak:

Årsmøtesakene vert justerte i tråd med drøftingane, og vert slik godkjende for framlegging for årsmøtet.

Sak: 004/26: Liturgihefta i kyrkja og kapllet.

Det er positivt at liturgihefte og salmebok no vert brukt saman, i staden for særtrykk for kvar gudsteneste. Det skal utarbeidast liturgihefte som passar med dåp.

Dette tek Andreas seg av. Liturgihefta bør skrivast ut på litt stivare papir.

For spesielle hendingar/gudstenester er det positivt med eigne liturgiarark.

Sak: 005/26 Fasteaksjonen

Fasteaksjonen vert 22-24 mars og vert utført av konfirmantar i lag med ein del av foreldra, spesielt til køyring.

Aksjonen vert organisert som dør-til-dør aksjon, bøsse på butikkane, og ved digital innsamling.

Ansvarleg for organisering av dør-til-dør aksjonen er soknepresten og kyrkjetenaren, som gjev beskjed om dei treng fleire medhjelparar. Viktig med plakatar og god PR.

Ymse : Nytt møte vert **18.mars** på Kyrkjebø i lag med Høyanger sokneråd.

Spørsmål frå kulturnemda kva økonomiske rammer har dei til rådighet?

Soknerådet treng meir info for å ta noko avgjerd her.

Møtet slutt 21.20

Referent:

Irene Aase Aarserth